

# RETTLEIAR VED INSTALLASJON AV VASSMÅLAR

## Generelt

Alle nye bustader, fritidsbustadar og all næringsverksemd (abonnenten) som er kopla til kommunalt nett skal installere vassmålar og betale etter målt forbruk. Eksisterande bustader og fritidsbustader som betaler gebyr etter areal kan velje å installere vassmålar og deretter betale etter målt forbruk. Kommunen kan også pålegge eksisterande abonnentar som betaler etter areal å installere vassmålar.

Installering av vassmålar er meldepliktig. Abonnenten skal ved installering ta kontakt med godkjent rørleggjar føretak. Føretaket skal ta kontakt med kommunen og få utlevert vassmålar frå kommunens vassmålarlager.

Abonnenten betaler føretaket for arbeid med installering. Andre kostnadar forbundet med vassmålar, inkludert innkjøp og framtidig utskifting av målar, dekkast via årsgebyr.

Kommunen har vassmålarar med størrelse 1/2" på lager, som skal installerast i einebustadar. Dersom det er naudsynt med større målar må dette tas opp med kommunalteknisk avdeling i det enkelte tilfellet, og målar må bestillast. Alle vassmålarar skal vere i kommunalt eie.

## Registrering av vassmålar

1. Abonnenten tar kontakt med eit godkjent rørleggarføretak og ber om installering av vassmålar.
2. Rørleggar utførar synfaring på staden for å innhente nok opplysningar for å få utlevert vassmålar, jf. skjema for registrering av vassmålar.
3. Når skjema er ferdig utfylt kan vassmålar hentast på kommunalteknisk avdeling.

## Hovudregel


Kommunen bestemmer:

- kor mange vassmålarar den enkelte abonnent skal ha
- type, storleik og plassering
- når målar skal installerast

## Krav til plassering

- Målar skal installerast så nærme innvendig hovudstoppekran som mogleg.
- Alt vassforbruk på eigedommen skal målast, det skal ikkje vere vassuttak før vassmåler. I spesielle tilhøve tillates fleire målarar for ein eigedom.
- Det skal monteras godkjent og kontrollerbar tilbakeslagsventil i medhald av NS-EN 1717.
- Eventuelle reduksjonsventiler skal være montert etter vassmålarinstallasjonen.

- Framfor målar: Sil. Etter målar: Stengeventil.
- For å unngå vasskadar bør målar plasserast i eit rom med gulvsluk og ikkje utsettast for frost eller sterk varme.
- Målaren skal være lett tilgjengelig for avlesing og utskifting.
- Det er normalt ikkje tillate og montere vassmålar i utvendig kum.
- Naudsynt rettstrekk før målar skal vere i samsvar med leverandør spesifikasjon.
- I bygg med fleire eigedommar/seksjonar eller bygg som er planlagt seksjonert skal det normalt monterast ein vassmålar til kvar eigedom/seksjon.



### Figuren illustrerer ideell situasjon

( må tilpasses ved montering i eldre hus, kan også moteres vertikalt )

- 1 Takhøyde: Min. 2,1 meter.
- 2 "Rørlegger-plass":  
Bredde x Dybde =  
Min. 0,8 x 0,6 meter
- 3 Høyde over gulv: 0,7 - 1,0 meter.

Vassmålar som leverast frå kommunen kan normalt plasserast horisontalt eller vertikalt.

